

Møteprotokoll

Utvalg: Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen
nasjonalparkstyre

Møtested: Lom/e-postbehandling

Dato: 05.02.2013

Tidspunkt:

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Mai Bakken	LEDER (telefon/mail)	
Ivar Kvalen	NESTL (telefon)	
Iselin Jonassen	MEDL (mail)	

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Møtebehandling ved telefon og e-post

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Kari Sveen	nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/2013	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 2/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - Bruk av snøskuter for transport av utstyr/personell til filmopptak - Bessheim Fjellstue AS		2013/904

ST 1/2013 Godkjenning av protokoll/innkalling

Saksprotokoll i Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre - 05.02.2013

Vedtak

Arbeidsutvalet godkjenner protokoll frå møtet 30.11.2012.

Innkalling via telefon og e-post godkjent, ut ifrå at det er ei sak som krev rask avklaring.

ST 2/2013 Sak - Bruk av snøskuter for transport av utstyr/personell til filmopptak

Saksprotokoll i Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre - 05.02.2013

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får turistbedriftene Bessheim/Gjendesheim/Bessekken Fjellpark dispensasjon frå verneforskrift for Jotunheimen for bruk av snøscooter i samband med filming av ein sekvens til serien *Lillyhammer*. Under føresetnad av at scenen som blir spela inn ikkje viser motoriserte framkomstmiddel, kan innspelninga profilere nasjonalparken og reiselivsdestinasjonen på ein positiv måte. Aktiviteten skjer heilt i utkanten av verneområdet, men bakgrunnen for scenen som skal illudere at hendinga skjer langt inne i villmarka blir langt betre om ein får krysse vernegrensa og trekke litt innover Gjende og vise fjella i bakgrunnen på ein meir spektakulær måte. Tiltaket vert vurdert å ha stor marknadsvardi for reiselivet. Samfunnsnyttan vert såleis vurdert som stor, medan tiltaket har liten eller ingen innverknad på verneverdiane. Det har betyr lite i praksis om ein er rett utanfor eller såvidt innanfor nasjonalparkgrensa når det gjeld denne typen aktivitet i den mest

trafikkerte brukssonen i parken. På denne årstida er aktiviteten til lita sjenanse for andre brukarar.

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

- Dispensasjon for motorisert ferdsel gjeld for perioden 11.-12. februar og gjeld på austre del av Gjende, inntil ca 150 meter innanfor nasjonalparkgrensa
- Statens naturoppsyn og/eller fjelloppsynet i Vågå vil kunne inspisere aktiviteten etter behov. Det må gjevast melding om opptaksdato til SNO v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158) eller Vågå Fjellstyre (909 66 277).
- Omfanget av scootertransport må avgrensast til det som er strengt nødvendig for å gjennomføre gode opptak på ein effektiv måte, og er avgrensa til inntil 2 scooterar. Bessheim får ansvar for samordning av transporten og rapportering om aktivitet til forvaltninga i etterkant.
- Filmopptak som blir vist i produksjonen *Lillyhammer* skal ikkje vise motoriserte framkomstmiddel, men formidle ei hending som skjer langt inne i villmarka.